



# NÆR FOLK

i heile  
**SYKKYLVEN**

PROGRAM  
SYKKYLVEN SENTERPARTI  
2023 – 2027

# VÅR POLITIKK

## for heile Sykkylven

Kjære veljar

Dette programmet er bindande for Senterpartiet sine tillitsvalde. Vi håper det inneholder synspunkt og meningar som samsvarar med dine ynskjer for dei komande fire åra. Om det er tilfelle, vil vi rá deg til å velje Senterpartiet si liste ved kommunevalet den 11 september. Vi ynskjer også at du bruker lista, slik at vi får representasjon av begge kjønn og frå flest mogeleg bygdelag.

Sykkylven Senterparti byggjer programmet sitt på dei kristne og humanistiske grunnverdiane. Hovudmålet vårt er at Sykkylven skal vere ein god kommune å bu i for alle innbyggjarane våre.

Kommunane er innbyggjarane sine reiskap for å utvikle og styre lokale og regionale tenestetilbod. Kommunane er svært viktige demokratiske instrument i samfunnsbygginga, både når det gjeld velferdstenester, infrastruktur, næringsutvikling og arbeidsplassar.

## Med hjarte for

### **SENTERPARTIET VIL:**

- Føre ein politikk som skaper trivsel og godt sosialt miljø i bygda vår.
- Sikre gode kommunale tenestetilbod som ivaretak den einskilde heile livet.
- Legge til rette for eit variert næringsliv og for etablering av fleire arbeidsplassar.
- Auke lokal matvareproduksjon og ivaretaking av matjorda / kulturlandskapet.
- Auke antall innbyggjarar i Sykkylven kommune gjennom omdømebygging og legge til rette for bustadbygging.
- Ivaretaking av utfordingane innan miljø og klima.
- Sikre eit variert kulturliv gjennom samarbeid med organisasjonar og frivillige.

### **VI VIL ARBEIDE FOR:**

#### **Gode opplæringsmiljø og tilrettelagte tilbod innanfor skule og barnehage**

##### **Senterpartiet vil arbeide for å:**

- sikre gode faglege og pedagogiske tilbod i skular og barnehagar.
- trygge skulevegar og transportordningar med kortast mogleg reisetid.
- styrke vedlikehaldet av bygningar og uteområda ved skulane og barnehagane.
- ha gode og fleksible SFO ordningar.
- sikre at alle born kan få tilbod om barnehageplass i nærmiljøet.
- auke fokuset på tilpassa opplæring ut i frå den enkelte elev sine føresetnadar og behov.
- auke fokuset på tidleg innsats og rett hjelp til rett tid, for barn som har behov for det.

## Fleksible pleie – og omsorgstenester med god fagleg kvalitet

### Senterpartiet vil arbeide for å:

- auke dagtilbod for demente.
- legge til rette for fleire avlastningsplassar.
- legge til rette for at ein skal kunne bu heime, så lenge ein sjølv ynskjer det.
- auke fastleggedekninga.
- oppretthalde legevakta i Sykkylven.
- opprette medisinsk senter i Sykkylven.
- styrke samarbeidet med frivillige lag og organisasjoner for å kunne betre det sosiale nettverket rundt den einskilde.
- auke innsatsen i arbeidet med habilitering og rehabilitering.
- sikre tilgang på fagpersonar innanfor den offentlege tannhelsa for born.
- auke talet på egna bustadar til ulike brukargrupper.

## Betre standarden på dei kommunale vegane

### Senterpartiet vil forsette å arbeide for å:

- oppgradere det kommunale vegnettet.
- vere ein pådrivar for å få utbygd fleire gang/sykkelvegar.
- oppgradere Grebstadvegen med gangveg og fast dekke.
- få etablert gangveg frå småbåthamna til Haugneset.

## Eit levande kulturliv i heile Sykkylven kommune

### Senterpartiet vil arbeide for å:

- støtte opp om det frivillige arbeidet innanfor kultur og idrett.
- la born og unge kunne disponere kommunale lokale og arenaer gratis.
- sikre eit allsidig tilbod innanfor kulturskulen.
- utarbeide planar for bygging av ny symjehall.
- realisere bygging av langhus på Auremarka.
- merke løyper/turstiar.
- gjere Sykkylven Kulturhus eigna til større kulturarrangement med å auke antal sitteplassar.
- utgreie ei mogeleg utviding av Storhallen for å kunne auke kapasiteten på treningsstider.
- ivareta Nysætra/Fjellsætra som eit turområde og fritidsområde.

## Sikre gode oppvekstmiljø for barn og ungdom

### Senterpartiet vil arbeide for å:

- legge til rette for at ungdom ynskjer å busette seg i Sykkylven.
- styrke det førebyggande arbeidet mot rus.
- la Sykkylven kommune framleis vere ein «MOT»-kommune.
- støtte opp om etablerte aktivitetar for born og ungdom.
- vidareutvikle ulike tilbod for ungdom, som m.a. «Open Storhall».
- vere ein pådrivar for å få opprett-

halde attraktive linjer ved Sykkylven vidaregåande skule.

- la Ungdomsrådet takast med i alle aktuelle politiske prosessar.
- utvikle attraktive møteplassar for unge.
- styrke fritidstilboda til ungdom.
- Jobbe for fleire kompetansearbeidsplassar for ungdom.
- støtte opp om tilbodet for ungdom på Høbben.
- redusere barnefattigdom.
- stimulere til bruk av kontantkasse for å kunne legge til rette for at fleire born/ungdom har høve til å kunne delta i fritidsaktivitetar.

## Vidareutvikle eit attraktivt og levande sentrum.

### Senterpartiet vil arbeide for å:

- legge tiltrette for bustadar/leilegheiter.
- betre tilrettelegging av gatene/fortaua for røyrslehemma.
- Betre trafikktryggleiken for mjuke trafikkantar i sentrum.
- stimulere til vidare utvikling av handelstilbodet.
- ferdigstilling av parkområdet ved biblioteket.
- betre parkeringstilhøva.
- gjere kaiområdet til eit attraktivt område for både eigne innbyggjarar og tilreisande.

## Stimulere til auka busetnad i Sykkylven

### Senterpartiet vil arbeide for å:

- sikre gode «grøne område» for born, ungdom og eldre gjennom gode reguleringsplanar.
- selje kommunale tomter til reduserte pris.
- sikre rask byggesakshandsaming.
- utvide ordninga tilflyttingskontakt.
- arbeide vidar med tiltak som fremmer «bulyst».

## Sikre ein god og stabil kommuneøkonomi

### Senterpartiet vil arbeide for å:

- Fortsette med god økonomistyring av dei kommunale midlane, slik at ein kan gi innbyggjarane gode tenestetilbod.
- Halde eigedomsskatten på eit lavast mogeleg nivå og ikkje skatteleggje bedriftene.

## Stimulere og legge tiltrette for ulike miljøtiltak

### Senterpartiet vil arbeide for å:

- sikre at vedteken energi- og klimaplan for kommunen vert fulgt opp.
- forsette å fylge opp vedtekne planar i forhold avløp/kloakk.
- styrke bestanddelen av laks og sjøaure i Sykkylven gjennom aktiv oppfylgjing.
- satse vidare på nye ENØK prosjekt knytt til kommunale bygg.

- legge om den kommunale bilparken til hybrid- og til EL-bilar.
- styrke klimavennleg kompetanse og innkjøp saman med andre kommunar.
- Ha klimatiltak som eit av kriteria ved godkjenning av kommunale anbod.

## **Utøving av tru og livssyn – Den norske kyrkja som tradisjon og kulturerbar**

### **Senterpartiet vil arbeide for å:**

- sikre Den norske kyrkja føreseielege økonomiske vilkår.
- sikre at det framleis skal vere presteteneste i kvart sokn.
- vidareføre lokalsamfunnet sitt ansvar for kyrkjebygg og gravplass.
- sikre ei økonomisk likebehandling og ikkje-diskriminering av alle trus- og livssynssamfunn.
- fullføre utbygging av minnelund.
- sikre retten til at trus- og livssynsutøving skal vere reell.

## **Sykylven kommune skal vere ein aktiv næringskommune**

### **Senterpartiet vil arbeide for å:**

- legge til rette for etablering av nye næringar med ein mangfaldig og vekstkraftig sektor for små og mellomstore bedrifter.
- vidareutvikle opplevelingsnæringar til både fastbuande og gjestar.
- Bygge opp under satsinga på Sykylven som ei teknologikommune.
- forsterke Sykylven kommune si rolle som møbelsentrums i Noreg.

- utvikle «cowork på bygda» gjennom Skaparlinken og andre samarbeids-partnarar.
- bidra for utvikling av ulike næringar, gjennom støtte frå Sykylven næringsutvikling, omstillingsprogrammet og andre støtteordningar.
- sikre attraktivt næringsareal.
- gi nye og eksisterande bedrifter gode rammevilkår, for å kunne vekse og utvikle seg.
- støtte opp om drift og utvikling av landbruksnæringa gjennom bruk av næringsfond og andre støtte-ordningar.
- stimulere til oppretthalde drift av landbruket på dagens nivå og vedlikehald. kulturlandskapet gjennom ulike tiltak knytt til vedteke landbruksplan.

## **Ein god personalpolitikk, der ein vil styrkje kompetansen blant dei tilsette**

### **Senterpartiet vil arbeide for å:**

- oppretthalde Sykylven kommune som ein attraktiv og trygg arbeidsplass.
- styrke kompetansen til dei tilsette.
- gi tilsette høve til å få faglege utfordringar.
- sikre eit godt arbeidsmiljø i samspel med tillitsvalde og verneombod.
- redusere sjukefråværet gjennom aktive miljøtiltak.

## **Vidareutvikle bruken av området rundt Fjellsætra/ Nysætra**

### **Senterpartiet vil arbeide for å:**

- sikre friareal, verne om kulturlandskapet og sikre beiteområde for husdyr.
- gjere friområda meir attraktive, både sommar og vinter.
- At Sykylven kommune skal vidareutvikle området som ein attraktiv opplevingsdestinasjon.
- sikre drift av skiløyper og sykkel-løype rundt Nysætervatnet.
- sikre fri ferdsel både for dyr og menneske ved å handheve vedtekne reglar.
- sikre tilsyn med avløp for å sikre drikkevatnet i området.
- betre tilgang på sløkkjevatn i områder med tett utbygging.

## **Betre kollektivtransport og samferdselstilhøva i regionen**

### **Senterpartiet vil arbeide for å:**

- arbeide vidare med trafikksikring av skulevegar.
- vere ein pådrivar for etablering av nye gang/Sykkelvegar på FV 60.
- halde på ordninga «Heimatt for en 50-lapp».
- fortsette styrkinga av infrastrukturen i kommunen.
- legge til rette for at Fauskevegen vert ein trygg og god veg å ferdast på både for gåande, syklande og billistar.
- bygging av Storfjordsambandet gjennom å prioritere tunnel Hole – Engeseth.
- utvide ferjetilbodet Sykylven – Magerholm og Hundeidvik – Festøy.

- betre kollektivtransporten inn og ut av Sykylven kommune.
- gjennomføre dei ulike tiltak i planen for trafikksikker kommune.

## **Ivareta kulturlandskap og auke vern av dyrka og dyrkbar jord**

### **Senterpartiet vil arbeide for å:**

- styrke vern av dyrka og dyrkbar jord.
- fremje lokal vidareforedling av råvarene frå jord og skog.
- auke matproduksjon og sjølvforsyning basert på norske ressursar.
- Stimulere til å oppretthalde antalet aktive bønder gjennom rekrutteringstiltak spesielt retta inn mot generasjonsskifte.
- stimulere til at husdyr beiter i utmark for ivaretaking av kulturlandskapet og hindre at utmarka gror att.
- dyrka og dyrkbar jord skal ved nye reguleringsplanar framleis nyttast til landbruksføremål.
- oppretthalde landbrukskontor med spesialkunnskap innanfor landbruk/ skogbruk.

## **Styrke den lokale beredskapen**

### **Senterpartiet vil arbeide for å:**

- sikre tilbodet om døgnopen legevakts i Sykylven.
- styrkje det lokale brannvesenet.
- vere ein pådrivar for å framleis sikre tilbodet om stasjonær ambulanse i Sykylven.
- oppretthalde lensmannskontoret i Sykylven.

# SENTERPARTIET

ett parti som er opptatt av lokaldemokrati,  
levende bygder og gode tjenester nær folk



**1. Odd Jostein  
Drotninghaug. 1966**

## SYKKYLVEN SP, VALGLISTE 2023

- |  |                                     |  |
|--|-------------------------------------|--|
| 2. Therese Kristin<br>Utgård Aas. 1979 | 10. Sandra Hubo. 1980               | 18. Gry Helen Skålbones.<br>1970             |
| 3. Janne Brunstad. 1973                | 11. Anita Bente Kjersheim.<br>1963  | 19. Hans Marius T.<br>Strømmegjerde.<br>2001 |
| 4. Ole Kjell Eidem. 1963               | 12. Georg Lillevik. 2001            | 20 Harald Arnt<br>Strømmegjerde. 1970        |
| 5. Elin B Østensen<br>Eilertsen. 1971  | 13. Karl Johan Lillevik.<br>2001    | 21 Jørn Strømmegjerde.<br>1989               |
| 6. Stein Arne Fauske.<br>1977          | 14. Camilla Roppestad<br>Moen. 1989 | 22 Anita Kristin Søvik.<br>1965              |
| 7. Leif Inge Grebstad.<br>1960         | 15. Andreas Nakken.<br>2003         | 23 Sveinung Vemøy.<br>1960                   |
| 8. Kjærsti Wasbråten<br>Haugen. 1966   | 16. Fredrik Johan Sigurd.<br>1973   |  |
| 9. Petter Hole-Drabløs.<br>1964        | 17. May- Britt Skjortnes.<br>1963   |  |